

Kopi



Møre og Romsdal Fylkeskommune

VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

STUDIERETNINGAR FOR AA/MD/MK/SA

Postboks 23, 6101 Volda

Telefon 70 05 93 00

Telefax 70 05 93 50

E-post volda.vgs@mr-fylke.org

Internett <http://www.volda.vgs.no>

03.06.02

Reglar for minnefond etter Olav Riste, grunnleggjaren og første rektoren ved Volda landsgymnas (1910 – 1954), seinare Volda vidaregåande skule

§ 1

Minnefondet er på kr 100.000,-. Det er ei gåve frå Per Riste, son til Olav Riste, og vart skipa i desember 2000. Grunnkapitalen for fondet er plassert i Sparebanken Volda – Ørsta. Fondsstyret kan avgjere å setje fondet inn i den banken som gjev best avkastning. Fondet kan ikkje brukast for å investere i aksjar eller obligasjonar.

§ 2

Av rentene skal det årleg setjast av 10 – ti – prosent til fondskapitalen.

§ 3

Utanom dette skal renteutbyttet delast ut som stipend til uteksaminerte elevar ved Volda vidaregåande skule.

§ 4

Styret for fondet skal ha 3 medlemmer:

1 representant for innbyggjarane i Volda kommune, peika ut av Volda formannskap.¹

1 representant for undervisningspersonalet ved skulen, peika ut i allmøte.

Rektor ved skulen.

Styret har ei funksjonstid på 4 år, og første styret fungerer frå 01.01.2001. Rekneskap for fondet skal til ei kvar tid vere underlagt reglar som gjeld for offentlege fond.

§ 5

Stipendet er tenkt som støtte til prosjektarbeid, studietur o.l. For å kunne få stipend frå fondet, krevst det allment sett ei godt utarbeidd grunngjeving for søknaden. Når stipendet er brukt, krev styret tilbakemelding om bruken, anten i form av ein skriftleg rapport, eller ei kort forelesing/foredrag for tilsette og elevar.

§6

Eit stipend bør vere så stort at det utgjer ein reell stønad til den omsøkte prosjektplanen. Ingen kan få stipend meir enn ein gong.

§7

Kunngjering om utdeling av stipend skal gjerast i lokalavisene, og på heimesida til skulen. Styret gjev melding om tildelinga før skuleåret er slutt, første gong i juni 2002.

§8

Skulle Volda vidaregåande skule bli slått saman med annan vidaregåande skule i distriktet, eller andre føresetnader for tildeling av stipend frå minnefondet endre seg vesentleg, skal desse reglane takast opp til revisjon.

¹ Etter ønskje frå Per Riste er Jostein Nerbøvik den første kommunerepresentanten i styret.